

# Kommunesammenslåing Sandnes og Forsand - Fellesnemnda møte nr. 3 - 2017, den 16.11.2017.

## Protokoll

Stad: Kommunehuset på Forsand

Kl. 1005 - 1120

<b>Til stades:</b>	<p><b>Forsand:</b> Nestleiar Bjarte Sveinsvoll Dagestad (ordfører H), Reidar Thu (Samlingslista), Udda Katrin Kjærvoll (Bygdalista), Ole Tom Guse (Krf), Tore Hans Mikkelsen (Sp)</p> <p><b>Sandnes:</b> Leiar Stanley Wirak (ordfører Ap), Thor Magne Seland (H), Annelin Tangen(Ap), Tore Andreas Haaland (Frp), Sofie Margrethe Selvikvåg (Sp), Oddny Helen Turøy (Krf).</p> <p>Vararepr Inger Lise Erga (Frp) møtte i staden for Pål Morten Borgli.</p> <p>Prosjektleder: Therese Hauger</p>
<b>Forfall:</b>	Pål Morten Borgli (varaordfører)
<b>I tillegg var til stades:</b>	<p>Rådmennene: Søren Jensen og Bodil Sivertsen.</p> <p>Frå administrasjon: seniorrådg. Sidsel Haugen, kommuneadvokat Rune Kanne, økonomidirektør Torunn Nilsen, organisasjonssjef Audun Grødem, leiar økonomi Ellen Hagen.</p>

<b>FN 19/17</b>	<p>Leiar Stanley Wirak ønskte velkommen.</p> <p><b>Innkalling og sakliste.</b> <b>Protokoll fra førre møte i Fellesnemnda den 05.10.2017.</b></p> <p style="text-align: center;"><b>VEDTAK:</b></p> <p>Innkalling, sakliste og protokoll frå møte den 05.10.2017 vart godkjent.</p>
<b>FN 20/17</b>	<p><b>NYHETSRUNDE – politiske og administrative oppdateringar</b></p> <p>Nestleiar Dagestad orienterte om følgjande tre saker:</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1) Brev frå Fylkesmannen vedg lovlegkontroll av vedtak i sak 96/17. Her slår Fylkesmannen fast at punkt 4 (vedtaket om å stogga samanslåingsprosessen mellom dei to kommunane) er ulovleg.</li><li>2) Dei 3 første punkta i vedtaket er lovlege. Her ber fleirtalet i kommunestyret i Forsand om omgjerung av Stortinget sitt vedtak av samanslåing.</li><li>3) Den 7. nov 2017 vart det gjennomført høyring i kommunalkomiteen i Stortinget vedg: «Representantforslag om anledning til omgjøring av vedtak om tvangssammenslåing av kommuner». Her møtte m.a. Forsand kommune v/ordfører og formannsrepresentant Ole Tom Guse.</li></ol>

	<p>Kommunalkomiteen vil gje innstilling til Stortinget si behandling 30.11.2017.</p> <p>Rådmann Bodil Sivertsen orienterte Fellesnemnda om at nåverande (mellombels) prosjektleiar har fått tilbod om stilling i prosjektperioden.</p> <p>Leiar Stanley Wirak viste til brev 07.11.2017 frå KMD om at vedtaket i Stortinget 08.06.2017 vedg samanslåing av Forsand og Sandnes står fast. Vidare orienterte han om at Fylkesrådmann har vurdert det slik at det ikkje er grunnlag for å hindra konsesjon om ferjedrift over Høgsfjorden. Dette spørsmålet skal seinare til politisk behandling i fylkestinget.</p> <p style="text-align: center;"><b>VEDTAK:</b></p> <p>Tatt til orientering.</p>
<p><b>FN 21/17</b></p>	<p><b>Omstillingsavtale</b></p> <p>Rådmann Bodil Sivertsen la fram framforhandla omstillingsavtale gjeldande fram til 01.01.2020.</p> <p style="text-align: center;"><b>VEDTAK:</b></p> <p>Omstillingsavtalen vart vedtatt med ei endring: i punkt 5 skal ordet <i>funksjon</i> nyttast i staden for <i>arbeidsoppgaver</i>.</p> <p>Medlem Thor Magne Seland (H) ba om protokolltilførsel om at han ikkje støttar punkt 5 i omstillingsavtalen.</p>
<p><b>FN 22/17</b></p>	<p><b>BUDSJETT 2018 og ØKONOMIPLAN 2018 – 2021. Sandnes kommune</b></p> <p>Økonomidirektør Torunn Nilsen la fram nøkkeltal for Sandnes kommune, basert på føresetnader kring folketilvekst, alderssamansetting, stipulert skatteinngang og investeringar planperioden. Det vart presentert kva utslag ev eignedomsskatt vil ha for inntektsgrunnlaget. Økonomiplanen legg opp til reduserte investeringar i planperioden.</p> <p style="text-align: center;"><b>VEDTAK:</b></p> <p>Fellesnemnda tar saka til orientering.</p>
<p><b>FN 23/17</b></p>	<p><b>BUDSJETT 2018 og ØKONOMIPLAN 2018 – 2021. Forsand kommune</b></p> <p>Rådmann Søren Jensen la fram sentrale nøkkeltal for Forsand kommune. Forsand legg ikkje opp til særlege investeringar eller endringar i budsjettprofil næraste år.</p> <p style="text-align: center;"><b>VEDTAK:</b></p> <p>Fellesnemnda tar saka til orientering.</p>

<b>FN 24/17</b>	<p><b>VEDTAK OM LOVLEGKONTROLL I SAK 96/17 FORSAND KOMMUNESTYRE TIL FYLKESMANNEN.</b></p> <p>Rådmann Søren Jensen orienterte om at Fylkesmannen si vurdering av at punkt 4 i kommunestyrevedtak 96/17 er ulovleg og at dette betyr at samanslåingsprosessen går vidare både på politisk og administrativt nivå.</p> <p style="text-align: center;"><b>VEDTAK:</b></p> <p>Fellesnemnda tok saka til orientering.</p>
<b>FN 25/17</b>	<p><b>OVERSENDING OM VEDTAK KOMMUNENAMN M.V. FORSAND OG SANDNES KOMMUNAR FRÅ FYLKESMANNEN.</b></p> <p>Prosjektleder Therese Hauger orienterte. Namn på den nye kommunen blir Sandnes. Dette er tilrådinga frå Fylkesmannen. Det nye kommunestyret vil ha 49 representantar. Tilråding vert oversendt KMD som fattar vedtak i saka.</p> <p style="text-align: center;"><b>VEDTAK:</b></p> <p>Fellesnemnda tok utgreiinga til orientering.</p>
<b>FN 26/17</b>	<p><b>UTGREIING AV JUSTERING AV KOMMUNEGRENSA STRAND OG FORSAND KOMMUNAR FRÅ FYLKESMANNEN.</b></p> <p>Rådmann Søren Jensen orienterte. Spørsmålet om ev grensejustering må sjåast i samband med kommunereformen. Forsand kommune må oversenda nøkkeldata/fakta grunnlag til Fylkesmannen. Fylkesmannen vil så be om innspel frå dei innbyggjarar dette omfattar. Fylkesmannen vil gje tilråding til KMD.</p> <p style="text-align: center;"><b>VEDTAK:</b></p> <p>Fellesnemnda tok saka til orientering.</p>

Forsand/Sandnes, den 21.11.2017

Forsand, den 21.11.2017

Stanley Wirak  
Leiar Fellesnemnda

Bjarte Sveinsvoll Dagestad  
Nestleiar Fellesnemnda

Protokollfører:  
Tore Gunnar Sandve  
Rådgjevar